
Den kulturelle skolesekken i Hordaland



Plan for skuleåret 2007 – 2008

Den kulturelle skulesekken i Hordaland: Plan for 2007/2008

Den kulturelle skulesekken vert realisert gjennom partnerskapet mellom 32 hordlandskommunar og Hordaland fylkeskommune. Den kulturelle skulesekken i Hordaland på fylkesnivå (heretter kalla DKS HFK) spelar ei vesentleg rolle som regional utviklar, sørvisinstans og samordnar av DKS-verksemda. I samband med den nasjonale høyringa om NIFU-step sin evalueringsrapport, har Hordaland fylkeskommune og hordlandskommunane evaluert satsinga i sin heilskap. Dei positive resultatane frå ei spørjeundersøking i 31 (av totalt 32) kommunar, viser at det er all grunn til å byggja vidare på det eksisterande fundamentet for verksemda slik ein har lagt det opp i fylket, både organisatorisk, økonomisk og med tanke på produksjon og distribusjon av DKS-tilbod til grunnskulane.

Oppsummering av nye moment for skuleåret 2007/2008

DKS prøveprosjekt i vidaregåande skule

I neste skuleår vil Hordaland fylkeskommune arbeida med å innføra DKS i vidaregåande skule og har søkt om statlege midlar for å realisera dette som eit prøveprosjekt. (Sjå vedlegg 1: Plan for DKS i vidaregåande skule.) I prøveperioden vil ein først og fremst arbeida tett i lag med Opplæringsavdelinga i HFK og med samarbeidspartnarar ved dei aktuelle vgs. Det vert arbeidd vidare med korleis å supplera Rådet for DKS i Hordaland med tanke på DKS-satsinga i vidaregåande skule.

Oppretting av kunstfagleg referansegruppe

I samband med satsinga i vidaregåande aukar arbeidsoppgåvene. Det er trong for å oppretta ei kunstfagleg referansegruppe som kan gjera konsulentoppdrag for DKS HFK.

DKS turnéprogrammet

Særskilt satsingsområde i skuleåret 2007/2008 er innan litteraturformidling med "crossover" til andre sjangrar, og innan formidling av fiksjonsfilm i skulesekken. Gjennom turnéprogrammet vil DKS HFK inngå i produksjonssamarbeid med ei rekkje nye samarbeidspartar, og i alt 20 nye produksjonar kjem inn i turnéprogrammet.

Kompetansehevingstiltak

Det vert lagt opp til eit kompetansehevingsprogram rekna på lærarar og kunstnarar. Ein legg opp til 20 heile kursdagar for lærarar og eitt weekend-seminar for kunstnarar. Nye samarbeidspartar innan kompetanseheving er mellom anna Vitensenteret og Vestlandske Teatersenter. Kursa vert produsert og organisert i samarbeid med aktuelle kurshaldarar, Fylkesbiblioteket, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen og Opplæringsavdelinga HFK.

Oppfølging av IKT

DKS HFK vil vidareutvikla den nettbasert formidlinga og tilføra nettportalen www.dks-hordaland.no ny funksjonalitet. DKS HFK kjem til å følgja opp kommunane med kompetansehevingstiltak innan IKT i realiseringa av DKS. Fylkeskonsertane kjem til å nytta seg av nettportalen for å leggja eigne turnear.

1. Grunnpremiss for DKS-modellen i Hordaland

Basismodellen for DKS i Hordaland blei utvikla skuleåret 2004/2005. DKS i Hordaland har vedtatt overordna mål nedfelt i departementale føringsdokument og slik DKS i Hordaland sjølv har vedtatt (*sjå punkt 4*). Ein skil mellom *hovudmål* og *organisatoriske mål og strategiar*. Desse vart etablerte i tett samarbeid med kommunane som skuleeigarar, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen og NOKU.

Hovudmål

1. å medverka til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod;
2. å leggje til rette for at elevar i grunnskulen skal få tilgang til, gjera seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
3. å medverka til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
4. å gje born oppleving av kunst og styrka deira eiga skaparevne.


Organisatoriske mål og strategiar

- DKS skal realiserast i kryssingspunktet mellom kultur- og skulesektor på alle nivå.
- DKS inneber partnerskap, aktiv medverking og utforming på alle nivå av realiseringa.
- DKS skal vera tufta på demokratiske prinsipp.

- DKS skal vera lokalt forankra, og der det lokale vert å forstå som noko som veks fram i dynamisk samspel med det regionale, nasjonale og internasjonale.
- DKS tilboda skal kunne genererast og implementerast gjennom eit aktivt samspel mellom kunst- og kulturaktørar lokalt, regionalt og (inter)nasjonalt.
- DKS skal vera ein av bidragsytarane i skapinga av eit dynamisk samfunns- og kulturliv og gje kunstnarar og kulturarbeidarar høve til utvikling.
- DKS skal medverka til å skapa grobotn for samfunnsmessig, kulturelt og kunstnarisk mangfald og vera delaktig i å skapa utvida horisontar for elevane.

2. Organisatorisk modell - og spesifikke tiltak for skuleåret 2007/2008

Organisatoriske mål og strategiar skal speglast og realiserast i heile DKS-systemet:



Kommunalt DKS nivå (nedre felt L på figur 1)

- Dei fleste kommunane har etablert DKS kontakt på kvar skule og kommunale DKS prosjektgrupper der kultur- og skulesektor inngår (sjå blåskravert felt nedst i midten).
- DKS HFK har oppfordra til fylgjande kommunale strategi: Kommunale prosjektgrupper skal vera basert på eit sektoromgripande samarbeid og inkorporera:

DKS kommune- og skulekontaktar, kulturskulerepresentantar, museumstilsette, bibliotekstilsette, frie kunstnarar, ev. lag og foreiningar og andre ressurspersonar og institusjonar. Kultur- og skulesektor samarbeidar om etablering av plan.

- Det vert oppfordra til interkommunalt samarbeid og dynamisk samspel mellom lokale, regionale og nasjonale kunst- og kulturaktørar i utforminga av planar og DKS-tilbod. Dette vert mellom anna realisert gjennom arbeidet innan dei 5 DKS-regionane.

Moment for skuleåret 2007/2008

- Styrking og utdjuving av den organisatoriske strukturen og dei samarbeidsformer mellom kommune, region og fylke som det vert lagt strukturelt til rette for.
- Dei 32 hordlandskommunane skal etablere eittårige planar eller vidareføra eksisterande plan i påvente av eventuelle endringar i tildelingsbrev frå staten for skuleåret 2007/2008.
- 2 DKS kommunenettverksmøter; første møte i april. 'Minikulturorg' for alle DKS kommunekontaktar til hausten. Det vert høve til opne diskusjonar kring spørsmål om kvalitet i DKS, og direkte tilbakemeldingar kring arbeidet med DKS i fylket.
- Møter mellom DKS HFK og Bergen kommune, med føremål informasjonsspreiing og samarbeid. Bergen by har kunst- og kulturinstitusjonar og operatørar med heile fylket som arena. I samband med utvidinga av DKS til vidaregåande skule vil også vidaregåande skular i Bergen by vera del av satsinga.
- Møter med einskilde kommunar, mellom anna med føremål å styrkja DKS-verksemda lokalt.


Nivået av samarbeidande kommunar

Etableringa av 5 DKS regionar av samarbeidande kommunar (*sjå kvitt felt i midten med 5 prikkar*) har som mål å:

- Sikre demokratisk representasjon frå DKS regionane. Regionane handsamar eigne saker og gjer innstilling i viktige forvaltningssaker, som går vidare til handsaming i Rådet for Den kulturelle skolesekken i Hordaland. (*Sjå pil opp mot skravert midtstilt felt på figuren*) og Styringsgruppa.

- Vera ressursgruppe for DKS i dei samarbeidande kommunane: Samordne interkommunale satsingar innan DKS¹ og vera diskusjonsforum for kommunane i høve til eige DKS arbeid med tanke på kvalitetssikring og utvikling av DKS tilbod.
- Gje høve for samordning mellom DKS og kurs- og kompetansehevingstilbod v/ kursregionane v/Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen.

Fig. 2 DKS- regionane i Hordaland



Regionalt nivå: Rådet for Den kulturelle skulesekken i Hordaland (F)
(sjå kvitt, midtstilt felt)

- Rådet er ressurs- og referansegruppe for DKS HFK og for Styringsgruppa.
- Representasjon: 5 valde DKS regionsrepresentantar m/vara, 1 representant Bergen kommune (observatør), 1 representant Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen m/vara, 1 representant NOKU m/vara, 1 representant Kultur- og idrettsavdelinga HFK m/vara, 1 politisk representant frå Kultur- og ressursutvalet HFK (observatør) m/vara. Leiar for DKS HFK er leiar for Rådet.

Moment for skuleåret 2007/2008

- Rådet for Den kulturelle skulesekken i Hordaland (heretter kalla Rådet) vil møtast 2 gongar for å handsama planarbeid, spele inn til satsingsområde innan DKS, og for å fungere som referansegruppe/rådgjevande organ for Styringsgruppa. Første møte er 16. mars 2007.

¹ DKS HFK løyver kr. 50.000 til kvar region som stønad til interkommunale satsingar. Midlane vert nytta til prosjektutvikling eller booking av eksisterande turnear.

- Kvar DKS region vert tilført kr. 50 000 for å kunne realisera interkommunale satsingar som kjem grunnskuleelevane til gode.
- DKS HFK vil driva oppsøkande verksemd med føremål å styrkja og følgja opp dei 5 DKS-regionane.
- Val på nye DKS regionsrepresentantar til Rådet vil skje hausten 2007.
- Det vert førebudd ei eventuell integrasjon av DKS i vidaregåande inn i den eksisterande strukturen.

Styringsgruppa (skravert, midtstilt felt)

Styringsgruppa består av Fylkeskultursjef HFK Ingebjørg Astrup og Utdanningsdirektør v/ Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen Kjellbjørg Lunde. Styringsgruppa har det overordna ansvaret og delegerer ansvar i eit utval av saker til DKS HFK og til Rådet for DKS i Hordaland.

Moment for skuleåret 2007/2008

- Styringsgruppa vil møtast ved fleire høve for å leggja strategiar innan arbeidet med DKS i fylket, og særskilt med tanke på samarbeid mellom kultur- og skulesektor. Første møte er 26. mars 2007.

Organiseringa av DKS HFK

DKS er forankra i **Kultur- og idrettsavdelinga** i Hordaland fylkeskommune. **Fylkeskultursjef** er fagleg ansvarleg. Det er tilsett **dagleg leiar** og **rådgjevar**, begge i 100 % fast stilling. Vidare er det hyra inn **konsulentar** i samband med IKT-utvikling og praktisk tilrettelegging av turnear.

Moment for skuleåret 2007/2008

- I samband med overgang frå prosjekt til varig tiltak, fungerer fylkesbibliotekarsjefen som seksjonsleiar for DKS.
- Våren 2007 vert det lyst ut fast stilling som turneleggjar/konsulent.
- Vidareutvikling av dynamisk samspel og gode synergieffektar mellom Kultur- og idrettsavdelinga sine ulike verksemdsområde, der DKS kan spela ei rolle med tanke på å dra vekslar på dei ulike satsingsområda i prosjektutvikling og formidling mot

skuleborn (*Idrett, Kulturminne, Arkeologi, Musikkføremål, Kulturformidling med meir*).

- Gjere DKS meir synleg og kjend i fylkeskommunal samanheng.

3. Etablering av turnéprogram.

DKS HFK etablerer turnéprogrammet gjennom å kjøpa inn ferdige produksjonar og ved å vera medprodusent i ei rekkje av tilboda til grunnskuleelevane. DKS HFK initierer fleire av tilboda i turnéprogrammet gjennom å inngå i partnerskap med kunst.- og kulturaktørar om nyproduksjonar. Dette gjeld innanfor sjangrane litteratur, film, teater, visuell kunst, kulturminne/fornminne og kulturelt mangfald. DKS HFK er sjølv produserande og leigar tidvis inn konsulentar i samband med eigne nyproduksjonar, tilrettelegging av pedagogisk materiale og i samband med evalueringsprosessar. Her vil den komande kunstfaglege referansegruppa bli eit verktøy som erstattar meir tilfeldig kjøp av tenester.

DKS HFK samarbeider internt med seksjonar i Kultur- og idrettsavdelinga (særskilt Fylkesbiblioteket om produksjon av litteratur- og kompetansehevingstilbod og Seksjon for kulturminne- og museum om produksjon av kulturminne og fornminnetilbod). Fylkeskonsertane har eit omfattande produksjonsmiljø og står for 75 % av produksjonen sjølve.

Moment for 2007/2008

Det vert arbeida med å styrkja det interne produksjonssamarbeidet i fylkeskommunen, og særskilt mellom DKS og Fylkeskonsertane.

Samarbeidsrelasjonar i 2006/2007.

DKS i Hordaland samarbeider aktivt med nasjonale institusjonar og regionale aktørar om :

- produksjon og distribusjon av DKS-tilbod,
- honorering,
- kompetanseheving,
- informasjonsspreiing,
- nettverksbygging.

Nokre av dei sentrale er: *Norsk Scenekunstbruk, Norsk forfattersentrum, Norsk Filminstitutt, Film & Kino, Nasjonalmuseet, Norsk kulturskoleråd, Rikskonsertene, 17 ABM-institusjonar i Hordaland* (mellom anna Bergen Museum, Bergen Kunstmuseum, Vestlandske Kunstindustrimuseum, Bryggens museum og samtlege folkemuseum), *Hordaland Teater, Vestlandske Teatersenter, Galleri 3,14, Hordaland Kunstsenter, Flaggfabrikken, Vitensenteret, Høgskulen Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, UiB*. DKS HFK vil på ulike måtar engasjera kring 100 lokale og regionale frittstående, profesjonelle kunst- og kulturaktørar i komande skuleår. Vidare er DKS HFK del av referansegruppene i samband med arrangeringa av Nystemt 2007, KOM-prosjektet (3-årig), Mini Midi Maxi-festivalen..

Relasjonen til Storbymodellen og Bergen kommune

Bergen kommune er med i eit 3-årig prøveprosjekt, der storkommunar på over 30.000 innbyggjarar får høve til å motta tildelinga av spelemidlar frå staten direkte. I praksis er fylkessatsinga kjenneteikna ved ei *todeling*: Nær halvparten av elevane lokalisert til Bergen kommune får DKS tilbod primært gjennom kommunen sitt *bookingsystem* medan dei andre får DKS tilbod frå eigen kommune og frå det fylkeskommunale *turnéprogrammet*. Alle kommunar inkludert Bergen, og utanom Os, får tilbod gjennom Fylkeskonsertane/Rikskonsertane.

Bergen kommune var ein av pilotkommunane under oppstarten i 2003. ”Storbymodellen” var frå HFK si side tiltenkt ei viktig rolle som DKS formidlingsleverandør for heile fylket: Bergen by har eit stort mangfald av kunst- og kulturoperatørar og institusjonar, som får støtte av både stat, fylke og kommune, og med regionalt, nasjonalt og internasjonalt verkefelt. Mange av dei viktige leverandørane av DKS tilbod til Bergen kommune er lokalisert til Bergen by. For å gjera Storbymodellens tilbod tilgjengeleg for fleire av kommunane vil DKS HFK fortsette med å vera offensive for å få til samarbeid med kunst- og kulturaktørar i Bergen by.

Inkorporering av regionale DKS- tilbod i fylket si turnéordning

Frå og med skuleåret 2004/2005 vart det lagt til rette for at DKS HFK si turnéordning kan ta opp i seg turnétilbod av høg kvalitet etter forslag frå mellom anna DKS-regionane, slik at tiltak som er genererte ikkje berre i Bergen men også i dei andre regionane, kan koma fleire av grunnskuleelevar i andre delar av Hordaland fylke til gode. Dette vert vidareført i 2007/2008 og er reflektert i turnéprogrammet.

4. Kort oversikt over førebels turnéprogram

Kort oversyn over turnétilbod for komande skuleår. Nye tilbod er merka med feit type.

Rikskonsertene/Fylkeskonsertane vert ikkje rekna inn i turnéprogrammet og kjem i tillegg.

Med vekt på sceniske framføringar og crossover litteratur

	Tittel	Utøvar
S	Katten med støvlane	Bergen Familieteater
S	Pomperipossa	Kompani Krapp
S-M	Guds Gjøglar	Flater og Cizkova
S M	Møt H.C. Andersen	Adele Duus
S M	Den förtrollade sparven	Abellis Magiska Teater
S M	Heavykatten	Kaldestad/Førland
S M	Mästerkatten	Torgunn produksjoner
S M	Noas Ark	Dukkenikkerne
M	Hjalmar...	Hordaland Teater
U	Haikutronics	Horvei/Førland
U	Munch - en reise i dans, musikk og billedkunst	Dans og Toner
U	Polyfonia	Transiteateret- Bergen

Med vekt på visuell kunst

	Tittel	Utøvar
M (7)	Broer	Grete Byrkjeland
M	Møte med biletkunstar Kurt Johannessen	Kurt Johannessen
M	Liv og leire	Siri Haaskjold
M	Steffen Kverneland teiknar Munch	Steffen Kverneland/Kunst i Skolen
M	"Stad" og "Ein sky av steinar"	Kunst i Skolen
S	Finurlig	Kunst i Skolen
S M	Med Stella under regnbogen	Stella East
U (9)	Christensen og dei skapande ramnane	Grete Byrkjeland
U	Xenophobia	
U	Made in Darkness	Qiu Jun og Flaggfabrikken

Med vekt på film

	Tittel	Utøvar
M	Film 1	Ikkje bestemt enno
U	Film (kino-turne) 2	Ikkje bestemt enno
U	Johannessen dokumentarfilm og kunstvideo	Bergen Kunstmuseum
U	Hilmar Fredriksen – PP	Bergen Kunstmuseum
U	Kabal i hjerter	Øyvind Sandberg
U	Videoverkstad på hjul	Bergen Kunstmuseum

Med vekt på litteratur-verkstad

	Tittel	Utøvar
S-M	Den blå reven og morgonfrosken	Per Olav Kaldestad
U	Haikutronics haikuverkstad	
U (8)	Møt Hobbiten og skriv fantasy	Rolf Enger

Med vekt på kulturminnne/fornminne

	Tittel	Utøvar
S-M	Helleriss	Lærarstyrt
U	Steinalderprosjekt	Lærarstyrt
M	Du finn oss i naustet	Arne Høyland

Sjangrar i samspel

	Tittel	Utøvar
U	Chillegrunn	Pedro Carmona-Alvarez
S-M- U	Vitensenter på hjul	Bergen Vitensenter
U	Universelt design	Vestlandske Kunstindustrimuseum
U	Hår	ABM-samarbeid 17 institusjonar

Med vekt på musikk/lyrikk samspel

	Tittel	Utøvar
M	Sjø og sjanti	Håkon Vatle
M	Trommesirkel	Lars Kolstad
M	Vi skal ikkje sova bort sumarnatta	Linda Fosse

Moment i turnéprogrammet for 2007/2008

- DKS HFK deltar i ulik grad i produksjonsutviklinga- og tilrettelegginga for turnéring av dei 20 nye DKS-tilboda. Produksjonane "Christensen og dei skapande ramnane" og "hår"-prosjektet vert ferdigstilt, medan dei nye filmtilboda og "Design-funksjon-funksjonshemming" med Vestlandske Kunstindustrimuseum, vert produsert i perioden. Det er også initiert eit samarbeid med Hordaland Kunstsenter om eit kunstprosjekt der ein søkjer om medverking av Carte Blanche.
- *Tilrettelegging for elevar med særskilde behov*

DKS-tilbod vert særskilt tilrettelagt for grunnskuleelevar med spesifikke behov: "Christensen og dei skapande ramnane" er ein appropriasjonsverkstad for ungdomsskuleelevar. DKS HFK har, i samarbeid med turnéleiar Grete Byrkjeland, avtala at appropriasjonsverkstaden skal skreddarsyast for elevar med trong for særskilt tilrettelegging i skuletida. Det kan dreia seg

om ulike former for funksjonshemming eller tilpassingsproblem. Skulen veljar ut ei eksklusiv gruppe på 8 elevar, som får høve til å arbeida tett i lag med kunstnaren over heile 4 dagar.

5. Kompetansehevingstiltak i skuleåret 2006/2007

DKS HFK har i skuleåret 2006/2007 gjennomført ei rekkje kompetansehevingstiltak for kunstnarar og lærarar. Kompetansehevingstiltaka har fått gode tilbakemeldingar frå dei deltakande og frå Utdanningsavdelinga v/kursregionssekretærene, og Styret for DKS i Hordaland har etter Rådet si anbefaling vedtatt å føre vidare arbeidet med kompetanseheving.

Vidareføring av "visuelt kunstseminar" for kunstnarar i Hordaland

"Visuelt kunstseminar" er eit kompetansehevings- og produksjonstiltak der eitt av føremåla er profesjonalisering av DKS-tilboda innan visuell kunst i realiseringa av DKS i kommunane. Erfaringane frå Visuelt Kunstseminar i 2005 var at fleire av deltakarane fekk innpass i kommunale kulturelle skulesekkar i etterkant av å ha deltatt på seminaret. Både deltakande kunstnarar og lærarar var svært nøgde med seminaret. Skuleåret 2006/2007 gjennomførte DKS HFK "visuelt kunstseminar" med appropriasjonskunstnar Jan Christensen, i samarbeid med kurator Malin Barth (no Galleri 3,14). For komande skuleår har DKS-HFK planar om å følgja opp Visuelt kunstseminar, slik at kunstnarar i hordlandskommunane kan få nye perspektiv, inspirasjon og idear som dei kan nytta i formidlinga i skulen.

Moment for 2 dagars verkstad/seminar innan visuell kunstformidling

- Målgruppa er primært kunstnarar i Hordaland.
- Tema for verkstaden er "pinhole fotografering"- med utgangspunkt i skulekvardagen i Kina og i Noreg.
- Tema for seminaret vil dreie seg om formidling av kunstvideo og fotoinstallasjonar til grunnskuleelevar/presentasjonar og diskusjonar.
- Aktuelle medarrangørar er Flaggfabrikken, Galleri 3,14, Bergen Kunstmuseum, DKS HFK og gjestekunstnar Qui Jun frå Kina.
- Presentasjon av kunstnaren Qui Jun. Han får visa fram prosjektet "Made in Darkness", ein fotoinstallasjon han har laga saman med kinesiske skuleungdomar, og nokre kunstvideoproduksjonar. Dette DKS-liknande arbeidet vert vist på Galleri 3.14 til hausten, og "Visuelt kunstseminar" byrjar med visning i galleriet.

Vidareføring av lærarkurs

Skuleåret 2006/2007 gjennomførte DKS HFK 24 heildagskurs for lærarar: 1) Kurs i arkeologi og design "Helleriss", 2) to kurs i samtidslitteratur i lag med Fylkesbiblioteket og mellom anna Anne Steffi Teigland og Nina Goga, 3) filmkurs med Øyvind Sandberg og 4) kurs i digitalt videoverkstad med Bergen kunstmuseum/Bendik Johnsen. Alle kursa hadde på den eine sida nær tilknytning til aktuelle DKS-turnear, og var samstundes skreddarsydd med tanke på kompetansemåla i Kunnskapsløftet. DKS HFK har vore medprodusent i tilboda og har samarbeidd med dei aktuelle kurshaldarane, BKM, Fylkesbiblioteket og Utdanningsavdelinga ved Fylkesmannen. Tilbakemeldingane frå deltakande lærarar har vore jamt over gode eller svært gode. DKS HFK meiner det er viktig å vidareføra denne satsinga også i komande skuleår, då lærarar som har vore på kurs lettare kan integrera DKS i skulekvardagen.

Moment for neste skuleår

- Vidareføring av satsinga på kompetanseheving på litteraturfeltet i samarbeid med Fylkesbiblioteket, med særskilt vekt på sjangren fantasy. Dette må sjåast i samanheng med turneen "Møt Hobbiten" med Rolf Enger.
- Levande forteljing i skulekvardagen gjennom dramatisering av (folke) eventyr, med Vestlandske Teatersenter og Arvid Nilsson som kurshaldarar. I kurset får deltakarane ei god innføring i korleis folkeeventyr og andre forteljingar kan dramatiserast og nyttast i undervisninga. Deltakarane får konkret vera med på å laga ei framsyning, og dei får gode tips om korleis ein med få ressursar kan etablera ein fungerande scenografi til klasseromsbruk eller i gymsal.
- Vidareføring av kurs i Digitalt videoverkstad, med Bergen Kunstmuseum.
- Viten-senteret held sjølv kurs i samband med turné på skulane. Lærarkurs er ein obligatorisk del av opplegget.

Nettverksbygging, informasjonsspreiing og rasjonalisering av logistiske operasjonar

- Gjennomføra 2 heildagssamlingar for kommunane for IKT-oppdatering av kommunale og regionale kulturelle skulesekkar på nett.
- Samarbeida med kommunane om implementeringa av nettbasert informasjonsspreiing om DKS i skulen, slik at skulane vert aktive brukarar.
- Etablera nettpresentasjon over turnétilbod og aktivitetar for skuleåret 2007/2008.

6. Budsjett statlege spelemidlar 2007-2008

Styringsgruppa for DKS i Hordaland har vedtatt ei fordeling av spelemidlar på møte 26. mars 2007. Vedtaket tok utgangspunkt i innspel frå Rådet for DKS i Hordaland, slik dette kom til uttrykk i referat frå Rådsmøte 16. mars 2007 og i skriftlege innspel frå DKS regionane.

Statlege spelemidlar	10 134 180 kr
- Bergen kommune (38,84 %)	3 937 128 kr
<hr/>	
Hordaland fylke utan Bergen kommune:	6 197 051 kr

Fordeling A

<i>Til kommunane utan Bergen (ca 45 % av 6.197.051 kr)</i>	2 788 673 kr
<i>Til DKS regionane (ca 4 % av 6.197.051 kr)</i>	250 000 kr

Tildelingsprinsipp:

- Tildelinga til den einsskilte kommune byggjer på ei minimum grunntildeling slik vedtatt av staten (33,33 % av spelemidlane fordelt jamfør dei statlege nøkkeltala).
- Styret for DKS i Hordaland har vedteke å dela ut 45 % av spelemidlane til kommunane.
- *Kvar kommune får eit ekstra-tillegg (utover den statlege minimumstildelinga) på 15 000 kr.*
- *Kommunar med stort elevtal og høgt tal på skular, får ekstratildelingar som følgjer Styret si fastsetting.*

Fordeling B

<i>Til Turné- og produksjonsbudsjett (ca 51 % av 6.197.051 kr)</i>	3 158 378 kr
--	---------------------

- *Midlar overført frå skuleåret 2006/2007 til skuleåret 2007/2008, vert også nytta til turnear og produksjonsutvikling, men er ikkje rekna inn her.*

7. Fylkeskommunalt driftsbudsjett 2007/2008

Fylkeskommunale driftsmidlar	1 750 000 kr
inkl. løn, dagleg drift/administrasjon.	

Av desse er det mellom anna budsjettert med følgjande midlar til kompetansehevingstiltak, kunstfaglege konsulentteneste og IKT/nettportal	629 500 kr
---	-------------------

Detaljering av enkelte postar frå det fylkeskommunale driftsbudsjettet:

Til kompetanseheving

- 25 heile kursdagar for lærarar
- 2 dagars visuelt kunstseminar/produksjon
- 2 dagars kurs IKT for DKS i kommunane
- 2 dagar minikunsttorg for kommunane/regionane

Totalt..... 315.000 kr

Nettportal www.dks-hordaland.no

- ”Kunstkalendarer” på nett
- Copyright
- Oppgjær for nettportal, bestilling av tilleggsfunksjonar og service

Totalt.....214 500 kr

Kunstfaglege konsulentteneste i samband med nyproduksjon

Totalt kr100 000 kr